

Protokoll styremøte

Dato: 12. mai 2020

Stad: Digitalt møte i Teams. **Tid:** kl. 19.00 -21.45

Deltakrar: Siv Merete Stadheim, Silje Vallestad, Steffen Sandene, Irene Lunde, Karen Weichert, Odd Henrik Berge, Vigdis Flaten Kvamme og Ron Overdevest

Melde forfall: Lars Røyarhus

Tilsette: Astrid Kalstveit og Marie Sørnum

Sak 16 Innkallinga styremøte vart godkjent.

Mandat for oppretting av interimgruppe for SFT sitt rute- og hytteutvalet vert handsama under sak 24, ymse.

Sak 17 Protokoll styremøtet 18. mars og 23. april vart godkjent.

Sak 18 Orienteringssaker

Utvalsleiarane orienterer

Kurs- og Fjellsport utval (KFU) v/ Vigdis

KFU har ikkje hatt noko møte, sidan det ikkje har vore høve ha aktivitet og kurs. Utvalet har fått god informasjon frå DNT sentralt. Utvalet skal ha møte, når stoda normalisera seg i høve aktivitet.

Årsmøtet i DNT fjellsport vart halde digitalt 26. mars. Vigdis er gått ut av DNT fjellsport sitt landstyre.

Naturvernutvalet v/ Ron

- Rapport 3/2020 frå NVE om konsesjonsprosess om vindkraft på land. Utvalet har sendt innspel via FNF.

- Høyring av forslag til Strategisk handlingsplan for natur, kulturarv og miljø for DNT 2020-2023.

Utvalet tilrår at styret i SFT støttar framlegget. innspel er sendt inn.

- Trolleholselva, Ortnevik, Høyanger kommune. OED gjer om vedtaket til NVE og vil ikkje gje utsett byggjefrist. Naturvernutvalet har vore pådrivar i denne saka grunna truleg landets største registrerte- funnplass av ulike raudlista lav artar. Styresmaktene har lytta til innspel frå organisasjonane og felles fråsegna gjennom FNF.

Konsesjonssøkjjar hadde ikkje funne desse førekomstane i si konsekvensutgreiing.



Administrasjonen orienterte om følgende oppgaver/prosjekt:

Dagleg leiar har brukt tid kome inn att i rutinar etter avslutta permittering 1.05.

Gjennomført budsjettmøte i samarbeid med dagleg leiar Bergen og Hordaland Turlag og Vestland fylkeskommune 07.05.

Søkt på nytt midlar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til kurs og stutbetring (Sogndal Turlag).

Hatt gjennomgang kursaktivitet og gjort moglege utsetjingar (klatre, kajakk og turleiarkurs).

Prioriterte oppgaver frå styret:

- Følgje opp lokallaga i høve råd/retningsliner knytt til korona

Ja, mest dagleg oppfølging og vidareformidling gjeldande instruksar hytter og turar.

- Digital system for samhandling med lokallaga

Ja, og sett opp Teams for MNT og styret SFT. Adm. er kjent med innkalling og gjennomføring slike møter.

- Elektronisk fakturering

Ja, har tatt kontakt med Accountor og ventar på avtalt tid for opplæring.

- Hyttebooking – administrere det for lokallaga

Ja, har gjort sondering ute i lokallaga om kven vil i gang og er interessert få på plass VisBook og Nets betalingsløysing. YST, KT, IST, FT, LuT (alt ordna for Tungestølen) og VT er interesserte nå i fyrste omgang. YNT har booking Kråkenes fyr og er klare med Skongenes fyr for sommarsesongen.

- Arrangere ein dag i kvart lokallag med aktivitet for ungdom i løpet av skuleferien. Dette som kompenserande tiltak for Basecamp.

Ja, og Marie har kontakt med samlege lokallag. MNT ynskjer stisykling + overnatting i hengekøye, Askvoll Ung ynskjer kajakkpadling, YST vil i nytt klatrefelt og INT vil i sommarskisenter.

Tildelt kr. 110 000 frå Miljødirektorat, lågterskeltilbod og uavkorta til lokallaga. Kr. 90 000 frå Vestland fylkeskommune til kurs for born og unge.

- UT.no – legge ut så det ligg minst 10 turar pr lokallag i løpet av 2020

Adm. ikkje kome så godt i gang med denne oppgåva, men blir prioriter og ta fatt i lag med få turar fyrst.

- Prioritere vekas turanbefaling via FB – den turen må ligge på ut.no

Ja, det har blitt gjort og held fram med denne oppgåva.

- Følgje opp e-post, kommunikasjon via sosiale medium

Ja, det prøver adm. ha gode rutinar på.

- Prioritere ned den fysiske opningstida på kontoret, heller «etter avtale».

Plakat om at kontoret er stengt tatt bort, men ikkje gått aktivt ut med opning kontor etter korona. Døra er open for publikum.

- Utlån av utstyr, prioritere ski og stavar samt kajakkar. Resten av utstyr lånast ikkje ut med mindre det vert vesentleg opning i helsemyndigheitene sine tilrådingar.

Adm. føl smittevernreglar og låner ut randonée utstyr og skredutstyr med 3 dagars karantenetid.

Stoda hytter og aktivitet i lokallaga er i stadig endring i desse dagar. Desse hyttene er opna:

Kråkenes fyr med utleige stormsuite og kafé på fyret. 1. juni er det mogleg leige Skongenes fyr for gruppe (begge fyra har booking). Fivlehyttene og Kinn er opne for førehandsbestilling for gruppe.

16. mai startar dei opp med kafé på Fuglesteg. Nokre lokallag har opna opp for organisert aktivitet.

Sak 19 Organisasjonelle endringar SFT-drøftingar med lokallaga og vegen vidare.

Møte med lokallaga måndag 4.05, tysdag 5.05 og onsdag 6.05 med lokallaga v/ Siv Merete og Silje. Lokallaga var samla i geografiske grupper.

Siv Merete hadde ein grundig gjennomgang innhald og drøftingar med lokallagsleiarane.

Sjå vedlagt notat.

Styreleiar SFT fekk gode tilbakemeldingar, og lokallaga tykte dette var ein god måte ha dialog på og nokre ynskte oppfølging i høve nye møte.

Vedtak: Personar som skal delta i ei ressursgruppe er: Ole Hermann Meløy (LuT), Olav Auflem (INT) og Bengt Solheim-Olsen (FT). Saka blir følgt opp i nytt styremøte 10. juni.

Sak 20 Høyring, Handlingsplan for kyst i DNT. Frist 15. juni

Framlegg fråsegn handlingsplan v/ Siv Merete blei gjennomgått og drøfta i styret.

Vedtak: Framlegget blei godkjent og blir sendt DNT. Sjå vedlagt dokument

Sak 21 Høyring, DNT sine medlemsforeningar – medlemskategori. Frist 15. juni

Framlegg fråsegn DNT sine medlemskategoriar v/ Silje blei gjennomgått og drøfta i



styret.

Vedtak: Revidert framlegg blir sendt i e-post til styret og utvalsleiarar for endeleg godkjenning og lagt ved utsending møteprotokoll.

Sjå vedlagt dokument vedteke i e-postutveksling.

Sak 22 Høyring, Strategisk handlingsplan for natur, kulturarv og miljø for DNT 2020-2023.

Frist 15. juni.

Ron har vore delaktig i arbeidet med utarbeiding Strategisk handlingsplan.

Handlingsplan var sendt styret og utval for gjennomlesing

Vedtak: Styret støttar handlingsplanen og dagleg leiar sender DNT ei kortfatta høyring. Sjå vedlagt dokument

Sak 23 DNT landsmøte, digitalt 12. juni kl. 12-17

Saker blir sendt ut frå DNT sentralt i slutten av veke 20, og det blir eit saksførebuaende styremøte i SFT. Sogn og Fjordane Turlag foreininga har 14 stemmer, og styret må melde inn på førehand kven avgi stemme for SFT.

Vedtak: Styreleiar Siv Merete Stadheim avgir stemmer frå SFT.

Landsmøtesaker blir sendt lokallaga med frist innspel 1. juni til SFT og med oppmoding om å delta på det digitale møtet.

Sak 24 Ymse

Mandat for oppretting av interim-utval for SFT sitt rute- og hytteutval.

Tor Arne Hauge (YST) blir med i interim-utvalet fram mot årsmøtet SFT i tillegg til Karen Weichert.

Interim-utvalet skal utarbeide eit mandat for det vidare arbeidet og prioritere oppgåver utvalet skal ta fatt på i fyrste omgang.

Dagleg leiar sender ut førespurnad til lokallaga i høve eitt medlem til.

Neste styremøte blir 10. juni kl. 19 (digitalt)

Referent: Karen Weichert og Astrid Kalstveit